



CD



Ole Bull Violin Concertos

MED: Annar Follesø (fiolin) og Kringkastingsorkesteret.

Dir. Ole Kristian Rud.

PLATESELSKAP: Lindberg Lyd

Da Ole Bull bergtok Europa

For nokre år sidan fortalde Nicolai Riise, nå ved operaen i Bergen, vener i Kviteseid at han arbeidde med å «restaurere» Ole Bulls fiolinkonsert. Dette arbeidet må Riise ha hatt ei heldig hand med, for nå ligg resultatet føre i ein absolutt unik produksjon frå Lindberg Lyd med Ole Bulls Fiolinkonsert i A-dur som det sentrale verket og med Annar Follesø som solist. Den unge fiolinisten frå Bergen slo igjennom ved eit lykketreff i Bologna i Italia i 1834 og blei på stutt tid heile Europas yndling. Ikkje berre var han populær hos det breie publikum, han hausta også stor beundring hos komponistar og utøvarar som Liszt, Schumann og Berlioz. Sjølv rekna Ole Bull fiolinkonserten frå 1834 som det kunstnarlege gjennombrotet sitt. Frå dette året finst eit partitur på 83 sider, som Riise i samarbeid med komponisten Olav Anton Thommesen og musikkprofessor Harald Herresthal har «fusjonert» med to andre, ufullendte manuskript.

Bulls A-durkonsert er blitt eit hårreisande virtuost stykke musikk som Follesø og Kringkastingsorkesteret framfører på ein slik måte at ein ganske snart forstår korleis komponisten og fiolinmeisteren Bull blei ein av Europas mest omjubla artistar. For ved sida av å stille nesten utenkjeleg tekniske krav til spelemannen hadde Ole Bull uvanlege melodiskapande evner. Det veit vi alle når fiolinens vidunderlege tone i «I ensomme stunde» grip tak i oss. Også dette stykket er med på denne Lindbergproduksjonen, her i eit like vidunderleg arrangement av Wolfgang Plagge, saman med Concerto Fantastico og «Et sæterbesøg», der Bull i større grad formidlar tonar frå norsk folkemusikk.

Når underskrivne i dette høvet finn å måtte ta heile terningen i bruk, er det av di denne hyllinga av 200-årsjubilanten Bull sameinar så vel sjeldne musikalske kvalitetar som eit kultur- og musikkhistorisk storarbeid.